

Skulebasert praksisplan - Bore Ungdomsskule

Vi gjer kvarandre gode

Velkommen til Bore ungdomsskule

Bore ungdomsskule har hatt gleda av å vere praksisskule i fleire år. I samarbeid med UIS har skulen sine lærarar opplevd arbeidet som givande og interessant.

Skulen går no inn i ein ny periode som praksisskule og ser fram til det.

Skulen har fleire tilsette med tilleggsutdanning i rettleiingspedagogikk, som er praksislærarar. Alle tilsette lærarar ved skulen har svært god utdanning.

Bore ungdomsskule er ein 7-10. skule. Vi har 7. trinn på skulen vår fordi Bore B har plassmangel. Det er 301 elevar og 39 tilsette på skulen. Det betyr at vi skuleåret 2023/2024 vil ha 10 klassar på ungdomstrinnet og 4 klassar på barnetrinnet. 7. trinn er 73 elevar.

Skulen driv med eit aktivt utviklingsarbeid. Kleppmodellen og Trygt og godt skolemiljø er utviklingsområda våre.

Skuleanlegget er rehabilitert og utbygd. Vi har symjehall, og ein ny idrettshall. På uteområde har vi ein stor og flott kunstgrasbane, basketballbane, parkour, sandvolleyball bane, bordtennisbord osv.

Rektor ønskjer universitetet i Stavanger og lærarstudentane velkommen til gode praksisperiodar ved Bore ungdomsskule.

Klepp, februar 2024

Harald Tolo

Rektor

Informasjon om skulen

Bore ungdomsskule er lokalisert i Verdalen i Klepp kommune.

Skulen har nynorsk som offisiell målform, men det er også bokmålsklassar på alle trinn.

Link til heimesida: <http://www.minskule.no/boreu>

Nøkkelpersonar

Kontoret: Marianne Søndervik Bråstein

Tlf kontoret: 51 78 84 00

Rektor: Harald Tolo

Mail: harald.tolo@klepp.kommune.no

IKT: Maciej O. Brozowski

Sos.lærer: Hilde Vik

Praksislærarar

Andreas Penne Nygård 481 30 848

Lars Tjelle, 996 07 522

Målsetting

I arbeidet med praksisplanen har vi reflektert over kva det vil seie å vere gode praksislærarar. Vi er opptekne av at studentane skal få ei god oppleving ved skulen vår. Målsettinga er at studentane, etter å ha vore hos oss, skal ha veldig lyst til å bli lærarar, og at dei undervegs skal oppleve motivasjon og meistring. Studentane skal få trening i klasseleing, tid til å førebu undervisningsøkter og drøfte desse både i forkant og etterkant. Vi kan tilby dei øving i små grupper og kan tilby dei gode tekniske hjelpemiddel.

Vi ønskjer å gje dei ein variert, vurdert og rettleia praksis. For å oppnå dette, ønskjer vi som praksisskule å vere tydelege i forventningar til studentane, vere merksame ovanfor studentane, tilgjengelege, inkluderande, likebehandlande, hjelpsame, samt å skape tryggleik og forutsigbarheit.

Satsingsområde kommune og skule

Bore Ungdomsskule har følgjande visjon: Vi gjer kvarandre gode. Det inneber at alle ved skulen opplever trivsel og engasjement, læring og utvikling, samarbeid og medansvar. Elevane skal oppleve å bli sett kvar dag, oppleve å lukkast, å meistre oppgåver, møte utfordringar der dei må strekkje seg, og møte krav dei må rette seg etter. Læringsarbeidet skal vere prega av relevans til elevane sin kvardag, gode opplevingar, stor elevaktivitet, elevmedverknad, bruk av varierte arbeidsmåtar og tilpassa opplæring.

Bore Ungdomsskule har to satsingsområde. No er det Kleppmodellen og Trygt og godt skolemiljø som er satsingsområda våre.

Tverrgående prinsipp

Første studieår ligg fokuset på lærarrolla, lærararbeidet og læraren si tilrettelegging for læring. Her skal studentane blant anna kunne planlegge, gjennomføre og vurdere undervisning saman med andre, kunne bruke ulike arbeidsmåtar og læremiddel som er tilpassa aldersgruppa og kunne bruke vurdering som ein del av læringsarbeidet. Studentane vil bli kjent med dei kartleggingsverktøya som skulen nyttar. I tillegg vil dei bli kjent med digitale hjelpemiddel som til dømes Lingdys. Fokuset andre studieår er på elevmangfald og elevane sitt møte mellom skule og fag. Her skal studentane blant anna kunne utvikle mål for opplæringa i faga og vurdere elevane si måloppnåing. Studentane vil møte fleirspråklege elevar og vere med å leggje til rette undervisninga deira. Studentane skal sette mål for opplæringa og gi tilpassa til ulike elevar. Tredje og fjerde studieår ser vi nærmare på skulen som organisasjon, det profesjonelle fellesskapet og samarbeid med føresette og andre sentrale instansar utanfor skulen. Her skal studentane få kunnskap om utviklingsarbeid i skulen og ha kunnskap om skulen som organisasjon og samfunnsinstitusjon. Her vil studentane få mulegheit til å vere med spesialpedagog, sosiallærer og delta i aktuelle møte mellom ulike instansar som finn stad i praksisperioden. Dei vil og kunne få mulegheit til å vere kontaktlærarar for ei gruppe elevar.

Variert, rettleia og vurdert praksis

Studentane får møte ulike elevgrupper i ulike fag og saman med ulike lærarar. Rammefaktorane på skulen ligg slik til rette at ein kan få prøvd varierte undervisningsmetodar.

Praksislærer og studentar skal saman lage ein gruppebasert praksisplan der innhaldet for praksisperioden blir tydeleggjort. Studentane vil få rettleiing både før, under og etter undervisningsøktene.

Studentane vil få tilbakemeldingar på kva dei meistrar og kva dei bør trene meir på, både etter undervisningsøktene og på slutten av kvar praksisperiode. Det er eit mål at dei som studentar skal få framovermeldingar som dei kan bruke når dei planlegg nye undervisningsøkter. Studentane får og vurdere seg sjølv og medstudentane sine. Praksislærer gir studentane ei midtvegsvurdering i første periode og ei sluttvurdering i siste praksisperiode.

Ved Bore ungdomsskule ønskjer vi at studentane skal arbeida saman med kollegiet for å få ein variert praksis. Kvar student vil få ein praksislærer å forhalde seg til, men det er og mogleg å vere saman med andre lærarar på skulen for å observera. Som student skal du både observera det som skjer i løpet av ein arbeidsdag både i klasserommet og i kollegiet. I tillegg skal studentane sjølvstøtt planlegga, gjennomføra og evaluera undervisningsopplegg, prøva ut ulike metodar, ta del i rettarbeid/vurdering av elevar, gå vakt i friminutt, delta i møter og vere med på det pedagogiske arbeidet på skulen. Det er òg eit krav at studentane skal bruke læringsbrett, interaktive tavler (id ei romma vi har det) og appar vi nyttar i undervisninga.

Rammer for praksis

- Kvar veke skal du ha 20 timar undervisningsrelatert arbeid, det vil seie timar du skal vere til stade i klasserommet saman med elevane. Denne tida skal brukast til observasjon, lærarstyrt aktivitet, rettleiing av elevar og undervisning i grupper av ulik storleik.
- Dei resterande timane, 15, er sett av til ulike former for læring og rettleiing. Denne tida blir brukt til orientering om skulen si verksemd, deltaking i møte og samarbeid på team, andre fora for samarbeid samt rettleiing enkeltvis og i grupper.

Studentane får tildelt eige arbeidsrom og eige læringsbrett.

Rutiner ved Bore ungdomsskule

- Studentane skal møte kl. 8.00 kvar morgon.
- Sjekk infotavle for oppdatert informasjon, denne heng ved personalrommet.
- Dersom du er sjuk, skal dette meldast praksislærer mellom 7.45-8.00.
- Arbeidstida på skulen er frå 8.00 til 15.15.
- Me kler oss anstendig.
- Me går til klasserommet umiddelbart etter at det har ringt inn.
- Ingen går frå skulen sitt område i arbeidstida utan at det er avtalt.
- Det er røykeforbod på skulen sitt område. Det er heller ikkje lov å nytte snus.
- Mobiltelefonen skal vere slått av i undervisning, møter og samtalar.
- Alle ryddar etter seg.